P R O L O G.

Åt stemna på Storheia den 21 juli 1946,
skrive og lese av Annar Meland,

Vell møtt, eg helsar Dykk alle som ein.
Vell møtt, om saka ~~ver~~ edel og rein.
Vell møtt, til alvor, så og til gaman,
Vell møtt til leik og til hugna saman.
Velkomen frå Frosta, frå Åsen, frå Skogn,
velkomen alle, uansjet sogn.
Idag me møtes på Storheinuten,
med eit smilande anlet både gjenta og guten,
presten og futen,

Fagre fjell i sumardrakt,
du løfter oss med trolldomsmakt.
I dåm så frisk, av lyng og mos
eg kveda må til fjellets ros.
På høgste nut i fjellets prakt,
stod norske menn på vardevakt.
Me elskar fjell med tind og topp,
det gjev oss helsebot for sjel og kropp,
kom heropp.

Noreg, Noreg, med fjell og flyar,
Noreg, Noreg, med bygd og byar.
Noreg med fjordar, øyar og skogar,
Noreg med åkrar hestar og plogar.
Noreg med søner i brenning og vær,
Noreg med båtar om holmer og skjær.
Noreg med ungdom som leikar og dansar,
Noreg med menn, som med láurbær dei kransar,
Noreg med sansar----

Me elskar deg Noreg med Trøndelage
truskap me lovar deg alle idag.
Einungdom frisk frå by og bygd
det er din beste framtidstrygd.
Og om ånyo varden brenn
me verjar Noreg, kvinnor og menn.
Og gjev det sidan må verta så
at ingen i svik ein nordmann fer sjå
det skall, og må --

Når me her på heia står,
frå Nidaros til Stiklestad augo når,
Når me stend her oppe på heia.
Me stend mest i rette leia.
På Stiklestad kong Olav drøtmde, drøymde
der og, martyrblodet fløymde.
I Nidaros , i domens by,
i herrens hus fant folke ly,
født på ny --